



Klepp kommune

Postboks 25

4358 Kleppe

Kontakt saksbehandlar

Tina Eltervåg, 51568789

Samordna statleg fråsegn til Klepp kommuneplan 2022 - 2033

Me viser til høyring av Klepp sin kommuneplan datert 31.03.2022.

Denne samordna uttalen er frå Statsforvaltaren i Rogaland og Norges vassdrag- og energidirektorat (NVE). Ingen motsegner er i strid med kvarandre.

Oversikt over statlege motsegner:

NVE har motsegn til, jf. NVE rettleiar 2/2017: *Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging:*

- at tryggleik mot kvikkleireskred ikkje er godt nok vareteke i planen
- at større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar ikkje er innarbeida i planen.

Statsforvalteren i Rogaland har motsegn til:

Arealdelen – arealforslag

- Forslag nr. 1 Kleppe, då det kjem i konflikt med føringar for jordvern og samordna bustad, areal og transportpanlegging
- Forslag nr. 2: Sørbo, då det kjem i konflikt med føringar for jordvern
- Forslag nr. 8: Kleppe, då det kjem i konflikt med føringar for barn og unge
- Manglande krav om ein områdevis avklaring av utbygginga på Orstad. Slik planen no er framstilt, kjem den i konflikt med føringar for samordna bustad, areal og transportplanlegging.
- Manglande konsekvensutgreiing for omdisponering av område frå offentleg/privat tenesteyting til næring
- Utviding av areal for bustad og offentleg/privat tenesteyting i kantsonebeltet til Engjelsvåg, som er kartlagt som ein svært viktig (A) rik kulturlandskapsjø.

Føresegner, retningslinjer og omsynssoner

- Manglande sikring av stadstilpassa føringar for utnyttingsgrad som sikrar ei samordna bustad, areal og transportplanlegging i § 3.2 Utnyttingsgrad.
- Føresegn om uteopphaldsareal på lokk som ikkje presiserer at dette berre kan akseptast i senterområde og langs kollektivaksar, jf. Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke



- Føresegn under LNF-formålet som ikkje oppfyller plan- og bygningslova § 11-11 nr. 2 krav til avmerking av omfang og lokalisering
- Unntak frå søknadsplikt for massefyllingar på fulldyrka areal ned terrengendring på mindre enn 3 meter i snitt og areal på mindre enn 1 daa
- Manglande krav om fagkyndig utgreiing av flaum i reguleringsplan om det ligg i aktsemdsone for flaum

Dei aktuelle fråsegna vil bli ettersendt.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)
statsforvalter

Marit Sundsvik Bendixen
fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO